

Saksframlegg

Saksbehandlar: Kenth Rune T. Måren, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 18/30-4

Fylkesvise mobbeombod

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Det vert etablert ei ordning med mobbeombod i Sogn og Fjordane etter nasjonalt mandat gitt av Utdanningsdirektoratet. Ordninga gjeld i perioden 01.08.2018-31.12.2019.
- 2 Ei 100% stilling som mobbeombod skal organisatorisk inngå i fylkesrådmannen sin stab.
- 3 Dette ombodet blir finansiert med 50% statlege midlar og 50% fylkeskommunale midlar.
- 4 Den fylkeskommunale delen vil fylkestinget kome attende budsjett rapporten pr. 1. tertial 2018.

Vedlegg:

1. Invitasjon til deltakelse i ordningen med fylkesvise mobbeombud
2. Oppdragsbrev
3. Nasjonal ordning med fylkesvise mobbeombud

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Mobbing er eit alvorleg samfunnsproblem. Trass i mange tiltak og kampanjar dei siste 20 åra for å sikre barn og unge eit godt opplæringsmiljø, har tal elevar som vert mobba halde seg høgt.

1. august 2017 vart kapittel 9A i opplæringslova, *Elevane sitt skolemiljø*, endra for å styrke rettane til elevar som blir mobba og foreldra deira. Regelverket er viktig for å sette standardar og for å plassere ansvar og plikter til skuleeigar og tilsette i skulen. Opplæringssektoren skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulane skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og sikkerheita til elevane.

I opplæringslova §9A-2 står det at alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar *helse, trivsel og læring*. Lova omhandlar rettar og plikter knytt til opplæring og skulegang og inneheld avgjersle om skjerpa aktivitetsplikt når elevar blir utsett for krenking og mobbing.

For å nå nulltoleranse mot mobbing har Kunnskapsdepartementet i oppdragsbrev 17/40 (vedlegg 1) vedteke å innføre ei ordning med fylkesvise mobbeombod frå hausten 2018. Mobbeombodet skal ha både barnehage og skule som område, og samarbeide med elev- og lærlingomboda om det psykososiale miljøet i vidaregåande opplæring.

Til grunn for ordninga ligg eit nasjonalt mandat for mobbeombodet:

Mobbeombodet skal

- støtte og rettleie barn, elevar og foreldre slik at deira rettar til eit godt psykososialt miljø i heile grunnopplæringa blir tekne hand om.
- samarbeide med elev- og lærlingomboda i fylka.

Organisering:

- Mobbeombodet er avgrensa til å gjelde barnehage og grunnskule.
- Eit elev- og lærlingombod (ELO) arbeider for at elevar og lærlingar sine rettar, inkludert retten til eit psykososialt miljø, blir tekne hand om i vidaregåande opplæring. Mobbombodet vil, gjennom eit tettare samarbeid, kunne støtte ELO i saker om psykososialt miljø i vidaregåande opplæring, og samtidig vere tydeleg avgrensa til å ta hand om oppdraget sitt ovanfor barn og elevar i barnehage og grunnskule.

Plassering

- Som følge av organiseringa vil ei plassering hjå fylkeskommunen gjere ombodet uavhengig av eigar for grunnskule og barnehage.
- Ei samorganisering vil vere føremålstenleg og medverke til at ELO og mobbeombodet kan arbeide i eit kollegialt fellesskap, ha erfaringsutveksling i handtering av saker og elles felles kompetanseutvikling. Dei vil kunne fungere i team der det er føremålstenleg, og som sjølvstendige aktørar med tydeleg avgrensa ansvarsområde, der det er gagneleg.

Fylkeskommunen kan i tillegg gje mobbeombodet oppgåver utover dei som er skildra ovanfor, og tilpasse ordninga på ein måte som er føremålstenleg for fylket.

Sogn og Fjordane har i dag eit elev-, lærling- og mobbeombod som rapporterer til fylkestinget. Arbeidet til dette ombodet er innretta mot vidaregåande opplæring.

I oppdragsbrevet skriv Kunnskapsdepartementet også at « (...) ordningen skal bygge på en kostnadsdeling mellom fylkeskommunene og staten.»

Økonomi mv

Fylkeskommunar som ønskjer å ta del i ordninga, skal sende faktura til Utdanningsdirektoratet. Fylkeskommunen vil deretter ta i mot eit statleg tilskot for mobbeombod i sitt fylke.

Kunnskapsdepartementet har vurdert ulike modellar for å nå målet med eit tilgjengeleg og oversiktleg ombodssystem og kva forvaltningsnivå eit mobbeombod skal sortere under.

Kunnskapsdepartementet har førebels landa på ein modell med tilskot til dei fylkeskommunane som vil prøve ut ordninga, avgrensa til perioden 1.8.2018 til 31.12.2019. Ordninga skal evaluerast med sluttrapport til Kunnskapsdepartementet innan 01.12.2019. Med bakgrunn i denne evalueringa vil det bli fatta avgjerd om mobbeombodet si tilknytning til nye regionar frå 2020, og kva forvaltningsnivå som skal yte tenesta.

For 2018 vil ordninga vil ha ein verknad på eit halvt år. Dette svarar til kr 250 000,- x 2 per fylke. Tilskot for 2019 vil ha heilårsverknad, og vere på kr 500 000,- x 2 per fylke.

Under føresetnad av at fylkestinget i april gjer vedtak om mobbeombod i Sogn og Fjordane, har fylkesdirektøren for opplæring søkt utdanningsdirektoratet om midlar til å etablere ordninga (vedlegg 2).

2. Vurdering

Fylkesrådmannen vurderer i denne saka om ordninga med mobbeombod skal vere ei omgjering av Sogn og Fjordane sitt elev-, lærling- (og mobbe)ombod, eller om det skal etablerast ei eiga stilling.

Det fylkeskommunale elev-, lærling- (og mobbe)ombodet skal arbeide for at elevar og lærlingar i den vidaregåande opplæringa ikkje lir urett, og for at dei som arbeider innanfor vidaregåande opplæring

oppfyller pliktene dei har etter opplæringslova §9A, *Elevane sitt skolemiljø*. Det fylkeskommunale ombudet arbeider òg for at skular og bedrifter følgjer dei sentrale styringsdokumenta for rettar og plikter for elevar og lærlingar.

Med bakgrunn i (det statlege) framlegget til utlysingstekst (vedlegg 3) og mandatet si innretning mot barnehage og skolemiljø, vil eit «felles» elev-, lærling- og mobbeombod omfatte barn i barnehagar, elevar i grunnskular, elevar i vidaregåande skular, lærlingar i opplæringsbedrifter og deira føresette.

Fylkesrådmannen vurderer at ei utviding av arbeidsfeltet til det fylkeskommunale elev-, lærling- (og mobbe)ombudet ikkje vil vere ei god løysing for ordninga Kunnskapsdepartementet har lagt til rette for. Grunngevinga er at kvaliteten og omfanget på tenestene til elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring kan bli vesentleg reduserte. Målgruppa vil ha eit alderspenn frå barnehage til vidaregåande opplæring og krevje breidde i kunnskap og kompetanse om utviklings- og forvaltningsnivå, samt god innsikt i eit mangfald av kulturar.

I tillegg er det usikkert korleis den framtidige av ordninga med mobbeombod blir organisert i nye regionar. Fylkesrådmannen meiner ut frå dette at det bør vere ei eiga 100% stilling som mobbeombod fram til 31.12.2019.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen konkluderer med at med eit så omfattande arbeidsfelt vil det vere trong for ei eiga ordning med mobbeombod i fylket, i tillegg til det etablerte elev-, lærling- (og mobbe)ombudet. Det vert lagt til grunn ei finansiering med 50% statlege midlar og 50% fylkeskommunale midlar. Dette inneber ein kostnad for fylkeskommunen på 250 000,- kr i 2018 og 500 000,- mill. kr i 2019. Finansieringa vår må vi kome attende til.